



Foto: Amanda Gerharden Vollen/ Berre

Turleiarar: Einar Vegge, Lauritz Haarr,
Sissel Fylkesnes Våge og Sissel S. Gåsland

Pris: 4800,- kr. Prisen dekkjer reise,
overnatting, omvising, spel og mat og
alle måltid frå og med middag onsdag.

PÅMELDING

Innan 23. mai 2025 til

sissel.vage@bomlo.kommune.no

eller telefon: 993 25 028

Husk også eiga reiseforsikring.

Reisande frå Bergen som ynskjer å delta rekk
utsendinga i Moster gamle kyrkje/amfi med
hurtigbåt eller buss onsdag morgon. For forslag til
reiserute ta kontakt med Regionalt pilegrimssenter i
Bergen. Det vert sett opp skyss frå båtkai/
busshaldeplass til Moster etter behov.

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål om turen.



PILEGRIMSTUR

Moster - Halsnøy - Skånevik -
Etne - Røldal

2. - 6. juli 2025

Praktisk informasjon

Plass: 15 deltakarar på langturen

Arrangør: Kyrkjelydane på Bømlo.

Det er mogleg å bli med på dagsetappar
undervegs. Alle velkomne!

Overnatting: Hotell/leirplass.

Ta med: Dagstursekk, termos, sitjeunderlag,
høvelege klede og vanntette sko/fjellstøvlar
til vandringane. Bagasjen elles vert
transportert frå stad til stad.



DEN NORSKE KYRKJA
Bømlo Kyrkjelege Fellesråd



PILEGRIMSLIEDEN
ST. OLAVSVEGENE TIL TRONDHEIM



PROGRAM FOR TUREN

Onsdag 2.juli

Samling, omvising og utsending i
Moster Amfi og Moster gamle
kyrkje kl.10.30. Ferda går vidare
med båt og buss til Halsnøy
kloster. På Halsnøy vert det
omvising på klosteret, samling og
vandring i kulturløypa som ligg
rundt klosteret. Frå Halsnøy set
me kursen mot Skånevik. Her vert
det middag i kyrkja og overnatting
på Skånevik fjordhotell.

Torsdag 3. juli

Vandring frå Skånevik til Etne
langs den gamle postvegen.
Turen tek 3-4 timar, middels tung.
I Etne vitjar me Stødle kyrkje.
Vidare går turen med buss til
Utsikten på Seljestad, der det vert
middag, kveldssamling og
overnatting.



Fredag 4.juli

Vandring frå Seljestad til Røldal.
Transport med bil/buss frå Utsikten
starten av sti/veg. Her følgjer me
gamlevegen og den gamle postvegen
over fjellet, 3-4 t. I Røldal vert me ynskt
velkommen i kyrkja. Etter velkomsten
vert det middag på Skystasjonen. Om
kvelden ser me Røldalsspelet "Den lange
vegen" som er ein moderne musikal om
pilegrimsvandringane til Røldal i åra 1230
til 1835. Billett til spelet er inkludert i
deltakaravgifta.



LAURDAG 5. JULI

Pilegrimsstemne i Røldal:
Pilegrimsseminar, krossvandring
(6 km) og midnattsmesse.

SØNDAG 6. JULI

Frukost og avslutning på Utsikten.
Bussen går tilbake til Moster.

